



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
29.04.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2014/15772 331.2
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13, 5902 Isdalstø
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik
Regionrådet Vest, Postboks 184, 5342 Straume
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2015

Fylkesmannen har i brev av 22.desember 2014 invitert kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt. Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføring. Fylkesmannen har tidlegare fordelt kr. 107,2 mill. av den samla skjønssramma på kr. 127,7 mill. i fylket for i år.

Av den delen av skjønsmidlane som står att (kr. 20,5 mill.), blir no kr.12,0 mill. fordelt som ordinære prosjektmidler til fornying- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Fordelinga av prosjektmidler er gjort etter at Fylkesmannen har motteke til saman 48 søknader frå kommunane. Samla søknadsbeløp er kr. 28,6 mill.

Vi vil også fordela kr. 1,3 mill. til Askøy kommune som kompensasjon for ekstraordinære utgifter knytt til barnevern. Samla fordeling, til ordinære prosjekt og særskilt kompensasjon, blir difor no kr. 13,3 mill.

I brevet vårt av 22.12 2014 er det gjort nærare greie for prosessen i samband med tildelinga. Regionråda har ei koordinerande rolle i samband med søknadsprosessen og rapporteringa, for å ha ei sterk interkommunal forankring på høgt politisk nivå, også med sikte på prioritering mellom søknader og prosjekt.

Vi har i tildelinga i stor grad bygd på regionråda sine prioriteringar mellom prosjektsøknadene.

Fylkesmannen legg elles til grunn følgjande ved tildelinga av skjønsmidler til fornying og innovasjon:

- i første rekkje tilskot til utviklingsarbeid når dette blir organisert gjennom interkommunalt samarbeid
- kommunane må sjølv delta økonomisk eller med arbeid. Hovudregelen er at skjønsmidlane ikkje skal utgjere meir enn 50 prosent av kostnadene

- det skal ikkje vere eit årleg tilskot over ein lengre periode. Det skal først og fremst vere tilskot i samband med oppstarting
- det blir ikkje gitt tilskot når hovudføremålet er næringsutvikling.

Vedlagt følgjer oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i år. Oversynet blir lagt på heimesida vår.

Vi ber alle som er tildelt midlar gi tilbakemelding innan 01.februar 2016 om det som er gjort og korleis midlane er brukte. Tidsfristen for tilbakemelding kan bli endra. Vi legg opp til elektronisk rapportering på vår heimeside.

Vi ønskjer lukke til med prosjekta !

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Håvard Rød
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg